



POLITISK KOMITÉ P2: POLITISK ORGANISASJON, LOKALDEMOKRATI OG INNBYGGJARMEDVERKNAD

SAKSLISTE OG PROGRAM FOR MØTE 05.01.2018

Stad: Skodje Rådhus

- Kl. 13.00-13.10 Godkjenning av sakslista og innkalling.
- Kl. 13.10-13.30 Oppsummering av arbeidet så langt, og arbeids-/møteplan for første halvdel av 2018.

Førebels møteplan:

Fredag 5. januar, 13:00	Skodje rådhus
Fredag 23. februar, 13:00	Ørskog rådhus
Fredag 16. mars, 13:00	Haram rådhus
Fredag 13. april, 13:00	Ålesund rådhus
Fredag 25. mai, 13:00	Skodje rådhus
Fredag 22. juni, 13:00	Ørskog rådhus

- Kl. 13.30-15.00 Drøfting av vedtak i fellesnemnda, og komiteens arbeid vidare.

Frå møteprotokollen:

«Behandling: Modolf Hareide, SP, Skodje sette fram slikt framlegg:

Fellesnemnda tek sak 47/17 til vitande. P2 skal arbeide vidare med utgreiinga etter dei prinsipp som saka viser til.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå politisk komité P2 og framlegget frå Modolf Hareide. Framlegget frå Modolf Hareide vart vedteke med 20 mot 5 røyster for framlegget frå komiteen.

FNÅ- 047/17 Vedtak:

Fellesnemnda tek sak 47/17 til vitande. P2 skal arbeide vidare med utgreiinga etter dei prinsipp som saka viser til.»

- Kl. 15.00-15.30 Oppretting av arbeidsgrupper til å jobbe med utgreiing av struktur for kommunedelutval, og utkast til delegeringsreglement.

Vel møtt! Eventuelt fråfall til dette møte kan meldast til mads.solberg@alesund.kommune.no. Kvar representant må kalle inn eigen vara, der slik er oppnemnt.



Referat frå 8. møte i politisk komité P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

Dato: 5.1.2017
Tid: 13:00 til 15:30
Møteleiar: Kari Grindvik
Stad: Skodje Rådhus
Frammøtte: Irene Kalstad Aase, Nils Magne Abelseth, Frode Andresen, Helene Børretzen Fjørtoft, Kari Grindvik, Modolf Hareide, Svein Harsjøen, Elin Moen, Stein Inge Skogen, Mads Solberg, Geir Stenseth.
Forfall: Åse Kristin Bakke, Trine Otterlei, Geir Skodje, Synnøve Synnes, Anny Sønderland, Øystein Tvedt, Bente Glomset Vikhagen.

1) Godkjenning av sakslista og innkalling.

2) Oppsummering av arbeidet så langt.

Grindvik gav ei oppsummering av arbeidet i den politiske komiteen hittil, og kva som må gjerast i den næraste tida.

3) Drøfting av vedtak i fellesnemnda, og arbeids-/møteplan for første halvdel av 2018.

Spørsmålet om korleis gruppa skal gå fram i det vidare arbeidet blei drøfta.

Ei utfordring er å sikre tilstrekkeleg framdrift og at ein når viktige milepælar i delprosjektet/komiteearbeidet. Samstundes er det eit ynskje å unngå eit forvaltningstankesett der dei administrative representantane i delprosjektet førebur saker på ein måte som legg tronge rammer på diskusjonane i organet, utan innspel frå folkevalte.

Det vart minna om at usemje i komiteen om einskilde avgjerder kan fungere som viktig informasjon til fellesnemnda (som for eksempel i spørsmålet om utvals- og komitéstruktur på kommunestyrenivå).

Grindvik påpeika at arbeidsforma som veljast i den vidare prosessen bør være styrande for korleis møteplanen blir sjåande ut.

Sjølv om ein no må begynne å greie ut alternativ for kommundelutval og delegeringsreglement, må komiteen og melde tilbake til fellesnemnda om saka som var oppe til behandling 7.12.

Som kjent var ikkje nemnda fornøyd med vedtaksforslaget og det blei dermed satt fram eit utsettingsforslag, då diskusjonen var i ferd med å køyre seg fast.

Ordlyden frå møteprotokollen var:

«Behandling: Modolf Hareide, SP, Skodje sette fram slikt framlegg:

Fellesnemnda tek sak 47/17 til vitande. P2 skal arbeide vidare med utgreiinga etter dei prinsipp som saka viser til. Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå politisk komité P2 og framlegget frå Modolf Hareide. Framlegget frå Modolf Hareide vart vedteke med 20 mot 5 røyster for framlegget frå komiteen. FNÅ- 047/17 Vedtak: Fellesnemnda tek sak 47/17 til vitande. P2 skal arbeide vidare med utgreiinga etter dei prinsipp som saka viser til.»

Blant poenga som kom fram i komiteens sin vidare diskusjon var følgjande:

- Vedtaksforslaget må spissast ned til eit kortare vedtak som leggast fram på vegne av komiteen. Innstillinga kan ikkje være så brei at den er vanskelig å forstå for nemndsmedlemmane.
- Det bør og i framtidige utgreiingar være mogleg å legge fram to forskjellige forslag i innstillinga til fellesnemnda, men ein bør spisse innhaldet meir, og klargjøre kva delprosjektmedlemmene er usamde om.
- Dersom komiteen må fremme ei heilt klar og eintydig tilråding i innstillinga, kan det bli behov for avstemming. Fylkesmannen har instruert at dei politisk leia delprosjekta i prosjektorganisasjonen for nye Ålesund er å anse som politiske organ. Delprosjekt P2 skal dermed følgje prinsippa for politisk komitear jamfør kommunelova, og skiftar namn til Politisk komité P2 for å reflektere dette. Møta skal gå for opne dører, og følgjer vanlege saksbehandlingsreglar. Sidan P2 er å sjå som ein politisk komité, er det i utgangspunktet naturleg at det er dei politiske representantane som har stemmerett. Ein kan då eventuelt legge fram to ulike alternativ der ein oppgjer stemmetalet i komiteen ovanfor fellesnemnda.
- Fleire i komiteen uttrykte likevel skepsis mot å halde avstemmingar som berre inkluderte dei folkevalte representantane; viss berre dei politiske representantane har stemmerett i komiteen, endar ein opp med å frata 1/3 av medlemmane mynde, noko som utfordrar ideen om samskaping mellom politikk og administrasjon (som ein tok utgangspunkt i når organet blei oppretta og som ein har uttrykt skal prege prosjektarbeidet og arbeidsformene i nye Ålesund i framtida). Fleire meinte at ei betre løysing heller er å synleggjere ueinigheit, saman med argumentasjonen for og mot eit standpunkt.
- Grindvik foreslo å opprette eit saksførebuande arbeidsutval for møta framover, beståande av leiar og nestleiar, samt Solberg som sekretariat (samen med eventuelt andre frå administrasjonen). Elin Moen foreslo i tillegg at Svein Harsjøen (Haram, Frp) og deltek i arbeidsutvalet, noko resten av gruppa var samd om. Helene Børretzen vart unemnt til vararepresentant.
 - Arbeidsutvalet bør førebu eit drøftingsnotat med forslag til moment som komiteen skal ta standpunkt til i løpet av møtet. Dette bør være klar minst fem dagar før komiteen møtast.
- I høve til nytt saksframlegg om ny politisk hovudorganisering til fellesnemnda, skal arbeidsutvalet til neste møte i komité P2 legge fram eit nytt, meir spissa forslag til drøfting i komiteen. Dette forslaget bør og innehalde kritisk informasjon til fellesnemnda om kommande milepælar for den vidare framdrift i prosjektet (t.d. eit realistisk estimat for når

eit utkast til kommunedelutvalsordning og delegeringsreglement kan være på plass, samt relevante datoar for i høve til valavvikling 2019, etc.).

4) Oppretting av arbeidsgrupper til å jobbe med utgreiing av struktur for kommunedelutval, og utkast til delegeringsreglement.

Komiteen fortsett med månadlege møter, og roterer møtestad mellom kommunane. Samstundes vil det framover bli behov for å sikre framdrift i oppgåvene som skal utføyrast.

I tillegg til at arbeidsutvalet kan bidra med saksførebuing, er det difor naudsynt å dele komiteen i to arbeidsgrupper som respektivt kan fokusere på utgreiing av ordning med kommunedelutval og delegeringsreglement. I april vart det i Styringsgruppa for nye Ålesund (20.4.17), som kjend, vurdert om ein burde fordele dette arbeidet på to delprosjekt (komitear), ein som jobba med politisk organisering i brei forstand, og ein som jobba meir instrumentelt med ulike aspekt ved innbyggjarmedverknad og lokaldemokrati. Men styringsgruppa vedtok å samle dette arbeidet i eit felles delprosjekt for politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad.

No melder behovet seg for ei liknande arbeidsfordeling. For å sikre god kommunikasjon mellom arbeidsgruppene vil det være nyttig om den eine gruppa møtast frå 0900-12, og den andre frå 1300-15:30 som vanleg. Ein har då moglegheit til å møtast for felles orientering og diskusjon rundt lunsj. Arbeidsutvalet meldar tilbake om detaljar om denne ordninga ved neste møte. Ei utfordring med ei slik organisering er til dømes at den første gruppa då vil ha heldt sitt møte før felles drøfting, mens den andre ikkje har hatt sitt enno. Det vil kunne komplisere samkøyringa.

I høve til foreslått møteplan foreslo Abelseth at komiteens møte den 25.5.2018, bør leggjast til Steinshamn, då det er eit mål at delprosjekta dekkjer heile den nye kommunen. Dei andre komitémedlemmane støtta forslaget. Grindvik lanserte og eit forslag om å ha ein felles heildags arbeidsverkstad på Sandøy ein gong på våren. Detaljar omkring dette, i tillegg til oppdatert møteplan der ein tek høgde for todelinga av arbeidet, blir sendt ut seinare.

Revidert møteplan blir difor slik:

Fredag 5. januar	Skodje
Fredag 23. februar	Ørskog
Fredag 16. mars	Haram
Fredag 13. april	Ålesund
Fredag 25. mai	Steinshamn
Fredag 22. juni	Skodje

Kalenderinnkallingar blir sendt ut på epost.